

Austrheim kommune:
post@austrheim.kommune.no

Dykkar ref:
Vår ref: 58/2015-642.36
Stad: Sæbøvik
Dato: 16.01.2015

Utvikling av rømningsveg for oter i fiskeruser - søknad om midlar frå kommunalt viltfond

Me er med dette så fri å søkja om kr 15.000 frå Austrheim kommune sitt Viltfond,

Bifangst av oter i fiskeruser representerer ein alvorlig tapsfaktor for oter langs Norskekysten og spesielt i Hordaland. Stor tettleik av ruser og bifangst av oter er trulig ein hovudfaktor til at oteren sin naturlige ekspansjonen nordfrå i dei siste tiåra har stagnert utan særleg framdrift på Bergenskanten. De siste par åra er det rapportar om bifangstar av oter i Bjørnafjorden (Os og Tysnes), Austevoll, sør i Bømlo, Kvinnherad og sør til Etne kommune. Det er grunn til å tru at det er store mørketal med omsyn til rapportering av oter fanga i fiskereiskap.

Publiserte undersøkingar frå andre stader og biologisk teori støttar tyder på av at oterens frammarsj fører med seg ein tilsvarande tilbakegang i bestanden av «svartelistearten» mink. I tillegg til å få tilbake eit naturlig faunaelement vil re-etablering av oter såleis bidra til restaurering av kystfaunaen fordi ein kan forvente betring i hekkesuksess hos teist og andre sjøfuglarter som er særleg utsette for minkpredasjon. Fiskeruser med rømningsveg for oter vil derfor vera eit vesentlig bidrag til re-etablering av oter samt til restaurering av faunaen i områder der oteren tidligare var naturleg heimehøyrande.

Dette prosjektet har som føremål å utvikle og teste ut rømningsvei for oter. Disse skal utformast slik at dei kan monterast på fiskeruser (ål- og torskeruser). Gjennomføring av prosjektet fordrar finansieringsbidrag frå lokale, regionale og sentrale forvaltingsinstansar. Meir detaljert prosjekt- og finansieringsplan er vedlagt.

Me håpar på ein positiv handsaming av søknaden.

Med helsing



Arild Landa
seniorforskar

www.nina.no

- samarbeid og kunnskap om framtidens miljøløysningar

NINA hovudkontor
Postboks 5685 Sluppen
7485 Trondheim
Besøksadresse: Høgskoleringen 9
7034 Trondheim
Telefon: 73 80 14 00
Telefaks: 73 80 14 01

NINA Oslo
Gaustadalléen 21
0349 Oslo
Telefon: 73 80 14 00
Telefaks: 73 80 14 01

NINA Tromsø
Framsenteret, Postboks 6606
Langnes, 9296 Tromsø
Besøksadresse: Framsenteret
Hjalmar Johansens gate 14
9007 Tromsø
Telefon: 77 75 04 00

NINA Lillehammer
Fakkelgården
2624 Lillehammer
Telefon: 73 80 14 00
Telefaks: 73 80 14 01

NINA Forskningsstasjon, lms
4308 Sandnes
Telefon: 73 80 14 00
Telefaks: 73 80 14 01